



# MARIHØNA

## JULI – AUGUST



**Tema: Sommar**

**Form og farge**

I sommarvekeene legg vi opp til ulike aktivitetar og turar. Det er til dømes formingsaktivitetar, turar i nærmiljøet, eksperiment og så vidare 😊

Vi håpar sjølvsagt på sol og varme innimellom og minnar difor om shorts, t-skjorte, caps/solhatt og liknande. Klede etter vær, det kan skifte fort i løpet av dagen.

Ha på solkrem før de leverar i barnehagen 😊 Vi smører midt på dagen ved behov.

Dersom nokon har planlagt fri utanom oppsatt ferie, er det fint om de gir beskjed 😊

I sommarvekeene vil det etter kvart no vere naturleg og slå saman barnegruppene på Marihøna, slik at vi frå og med v28-32 vil nytte inngangen til rød og blå.

Vi vil også nemne at personalet tek ut ferie no framover. Det kan difor vere anna personale som er på Marihøna enkelte dagar, men det er alltid nokon frå gul, rød eller blå til stade.

Når barnet ditt tek ferie, ber vi om at de tømmer plassen for kle og utstyr – slik at vi får reingjere og nytte plassen.

Barnehagen er stengd grunna planleggingsdagar 13 og 14 august.

**RIKTIG GOD SOMMAR 😊**

## BURSDAG



Hipp hurra 😊

- Kevin 3 år – 27 juli. Han vart feira på førehand saman med gruppa si 😊
- Ester 3 år – 3 juli. Ho vart også feira på førehand, før ho tok ferie 😊
- Noah 2 år – 3 juli.



Gratulerer med dagen 😊

## Sanger



- Nå skinner sola i vinduskarmen (soltrall)
- Sol, sol kom igjen
- Eg gjekk ein tur på stien..
- Stor bølge, liten bølge